

Særutskrift sak 1 – SU ved Knarvik barneskule 8.6.16.

Uttale til «Kvalitetsplan for oppvekst 2016 – 2028»

Innføringsklasse for nye framandspråklege elevar

Knarvik barneskule har fleire gonger opplevd at det på svært kort varsel kjem elevar til skulen som ikkje kan eitt ord norsk. Det følgjer heller ingen ressursar med. Dette er ein svært krevjande situasjon for barnet sjølv, klassen, kontaktlærar og No2-ansvarleg.

Sjølv om skulen prøver, så er det vanskeleg å finne gode løysingar. Barnet treng tid i lag med klassen for å bli kjent og trygg, samstundes som det er eit stort behov for å lære norsk fort.

Viss ein set inn alle No2-ressursar på dette går det ut over dei andre framandspråklege elevane som mister sitt tilbod. Det går og utover anna tilpassa opplæring i klassen fordi alle ressursar vert retta mot den som ikkje kan norsk. For klassen er det vanskeleg å ta godt imot, og bli godt kjent med, ein som stadig er ute av klassen for å få effektiv norskopplæring.

Det er ein dårleg start på den norske skulekvardagen å sitje time etter time i ein klasse og ikkje forstå noko som helst. Vi meiner derfor at den første opplæringa må skje i ei lita gruppe, deretter kan ein øve vidare med gode oppgåver og hjelp i klasserommet.

Samarbeidsutvalet ved Knarvik barneskul bed om at Lindås kommune må tilby eit innføringskurs på til dømes 2-3 månader for nye framandspråklege før dei begynner i ein klasse. Då vil både skulen og klassen vere førebudd, og eleven vil få ein mykje betre start og ein mykje meir meiningsfull skulekvardag.

Vi bed om at dette vert innarbeidd i Lindås kommune sin «Kvalitetsplan for oppvekst 2016 – 2028.

For samarbeidsutvalet ved Knarvik barneskule

Terje Hugo Aarvik

